
Fra: Lars Hagesæter <lars@kalasbygg.no>
Sendt: 28. mars 2015 22:20
Til: Postmottak Lindås
Kopi: Stokken Leknes; Cato Lyngøy
Emne: Uttale frå Bygdelaget 5915 - Fløsvika - Skuleveg
Vedlegg: UTTALE FRÅ FAU VED LEIKNES SKULE.docx

Bygdelaget 5915 er positiv til ei balansert utvikling av bygda vår og ynskjer nye tilflyttarar hjarteleg velkommen.

Samstundes ser me viktigheten av ei balansert utvikling og støttar FAU sitt arbeid for trygg skuleveg i bygda.

Me vil difor uttrykkja støtte til dei innspela FAU har komme med i vedlagte brev.

Me vil understreka viktigheten av å tilretteleggja infrastruktur på ein god måte, og i riktig rekkefølge. På den måten kan både nye og gamle bygdefolk i alle aldrar verta ivareteken, både når det gjeld trafikktryggleik, oppvekstvilkår og butilhøva elles.

Bygdelaget 5915 vil igjen presisera at me ikkje er i mot tilflytting og utvikling av bygda, men me er opptatt av at utviklinga skal vera balansert og ivareta bygdemiljøet, kulturen og tryggleiken vi opplever å ha hatt i bygda. Nettopp desse tinga har vore eit viktig argument for mange når dei valte å busetja seg her, og då tykkjer me det er eit felles ansvar å ivareta akkurat desse kvalitetane.

Med beste helsing
Bygdelaget 5915

Cato Lyngøy - Leiar
(sign)